




Symjing i skulen


I faget kroppsøving skal elevane ha opplæring i symjing inne og ute. Gjennom ulike aktivitetar skal eleven læra å bli trygg i, ved og på vatn.




Inne skjer opplæringa i basseng. Gutar og jenter har opplæring saman, men skiftar til badetøy i kvar sin garderobe. I garderoben kler ein av seg og dusjar før ein tek på badetøy. Eleven må ha med såpe, handkle og badetøy (badedrakt/ burkini/ badebukse/badeshorts).



Ute skjer opplæringa i saltvatn eller ferskvatn. Gutar og jenter har opplæring saman, men skiftar til badetøy kvar for seg. Badetøyet varierer med årstidene.



I opplæringa utviklar elevane dugleikar innan symjing, førebygging og handtering av situasjonar ved og i vatn. Dette er viktige dugleikar å ha, når ein badar saman med vener på fritida.



Som forelder/føresett er du viktig for opplæringa til barnet ditt.
Ta kontakt med skulen dersom du har spørsmål om opplæringa.

For meir informasjon om
symjeopplæringa i skulen
sjå symjedyktig.no

